

## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I ASKVOLL KOMMUNE

### §1 RETNINGSLINER

Askvoll kommune eig og driv skulefritidstilboda i kommunen etter retningslinjer som gjeld og dei krav som er stilte for tildeling av statstilskot.

### §2 FØREMÅL

Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig tilbod til barn på 1.-4. klassesteg som treng omsorg og tilsyn utanom skuletida og til barn med særskild trong på heile barnesteget. Skulefritidsordninga skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar og leksearbeid med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser.

### §3 ANSVARLEG STYRINGSORGAN

Undervisningsutvalet er overordna styringsorgan for skulefritidsordningane i Askvoll kommune.

### §4 LEIING, STYRING OG ANSVAR

Rektorane har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga ved skulane i kommunen. Tilsette ved skulefritidsordninga har rett til å vere til stades ved personalmøte som gjeld deira arbeidsfelt og i saker som gjeld skulen sitt samla personale. Samarbeidsorgana er styringsorgan for skulefritidsordningane dersom ikkje anna styringsorgan er oppretta. Dersom skulen sitt foreldreråd finn det ønskjeleg, kan dagleg leiar møte med talerett. Skulefritidsordninga skal ha dagleg leiar.

### §5 BEMANNING

Bemanning etter trong. Undervisningsutvalet tek avgjerd i tvilstilfelle.

### §6 OPPTAK AV BARN

Søknad om opptak til skulefritidsordninga skjer på fastsett skjema utarbeidd av skulane. Foreldra får plass til barnet sitt eitt år om gongen og må søkje på nytt kvart år.

Sulefritidsordninga følgjer som hovudregel skuleruta. Opningstid utover dette vert etter trong dersom mange nok melder seg.

### §7 OPPSEIING AV PLOSS

Oppseiing av plass skal skje skriftleg til skulen. Oppseiingstida er sett til ein månad frå datering av oppseiingsbrevet. For plassar som vert sagde opp 1. mars og seinare, vert det kravd foreldrebetaling ut skuleåret. Dette gjeld ikkje familiar som flyttar frå kommunen. Om foreldre/føresette let vere å betale i meir enn 2 månader, har skulesjefen mynde til å seie opp plassen. Oppseiingstida er sett til 1 månad.

- §8 BETALING  
Askvoll kommunestyre fastset betalingsssatsane for skulefritidsordninga.
- §9 MÅLTID  
Reglar for mat, måltid og betalingsformer vert avtalt med dei som nyttar tilbodet.
- §10 OPNINGSTIDER  
Samarbeidsutvala eller alternativt styringsorgan avgjer opningstida.
- §11 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL  
Leike- og opphaldsarealet skal vere minst 5 m<sup>2</sup> pr. barn. Uteområdet som skulefritidsordninga disponerer skal vere minst 25 m<sup>2</sup> pr. barn.

Vedtektene er vedtekne i Undervisningsutvalet sitt møte 24.11.00, sak 63/00 og gjeld inntil vidare.

Askvoll skulekontor, den 24. november 2000